

Dagens store ros!!

21.09.2009



13 korpsungdommar fortener kvar si store rose. I helga var dei på Karmøy Brassfestival. Tusen takk for flott oppførsel, og ikkje minst for den flotte måten dei tok ansvar for ulike oppgåver på.

Dei eldre tok godt vare på dei yngste, og dei yngste gledde dei største. Å vera vitne til dette fine og utviklande fellesskapet på tvers av alder, er flott. Som leiar kunne eg slappa av og kosa meg. Alle saman, Lene, Birgitte, Frida, Andrea, Martin, Katrine, Bente, Sindre, Eirin, Kaja, Marius, Sebastian og Vegard, fortener ei stor takk for at eg fekk ei så flott helg.

Bildet ovanfor viser korleis eg kunne sitja i sofaen og slappe av medan musikantane rydda, kosta golvet og sette på plass pultane i klasserommet vi hadde overnattat i. Det var ingen problem med avslapningsstunder når ein hadde med så hjelsomme og ansvarsfulle barn og ungdommar å gjera! Alt vart gjort til beste karakter!

Stor takk frå Thor Inge!